



Amund Bege-Soldal på sigerspallen. Han vann sin distanse på Maileikane med ny stevner rekord.

Viljar og Amund Berge-Soldal er brøyr og bur på Holmen. Amund er 12 år og har alt vore ein aktiv løpar nokre år. Viljar er berre 6 år og debuterte på Maileikane i Haugesund i helga som var. Amund vann sin klasse med ny stevner rekord på tida 5.00.5 minuttar.

Amund spring i 12 års klassen og har alt utmerka seg med gode resultat. Viljar sprang 60 meter i Haugesund som rekrutt. Det var stor stas for han å få vera med på Maileikane, i den store årlege friidrettsmønstringa i Haugesund. Amund sprang 1500 meter og vann distansen etter eit intenst spurtoppgjer.

Viljar og Amund trenar på Heio på onsdagane, saman med foreldra sine. I tillegg driv Amund eigentrening. Det neste løpet for brørne er SPAR løpet på Sandakaien på fyrstkomande laurdag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gina Berge-Soldal



Viljar (6 år) debuterte som rekrutt på Maileikane i Haugesund i helga.